



Askvoll

BEREDSKAP OG SAMFUNNSSIKKERHEIT

# Kommunalt risikobilete 2026

Askvoll kommune

Kortversjon





# Innhold

<b>Forord</b>	<b>4</b>
<b>1.0 Innleiing</b>	<b>5</b>
1.1 Kommunal beredskapsplikt	5
1.2 Kommunalt risikobilete	5
1.3 Bruk av kommunalt risikobilete	6
<b>2.0 Kommunebeskriving</b>	<b>7</b>
2.1 Organisering av kommunen	7
2.2 Geografiske særtrekk	7
2.3 Beredskapssystemet i kommunen	8
<b>3.0 Metode og prosess</b>	<b>9</b>
3.1 Risikostyring	9
3.2 Samfunnsverdiar	9
3.3 Kritiske samfunnsfunksjonar	10
<b>4.0 Oversikt over risikoområde og scenario</b>	<b>11</b>
4.1 Naturhendingar	11
4.2 Helse og sosiale hendingar	11
4.3 Store ulykker	12
4.4 Kritisk infrastruktur	12
4.5 Tilsikta handlingar	13
<b>5.0 Samla presentasjon av analyseresultat</b>	<b>14</b>
5.1 Kommunalt risikobilete (matrise)	14
5.2 Sannsynsvurdering per scenario	15
5.3 Konsekvensvurdering per scenario	15
5.4 Fordeling av konsekvenstypar	16
5.5 Scenarioa sine påkjenningar på kritiske samfunnsfunksjonar	17
5.6 Samla risikoscore	17
<b>6.0 Førebygging og beredskap</b>	<b>20</b>
<b>7.0 Framtidige risikoar og utviklingstrekk</b>	<b>21</b>
7.1 Klimaendringar og naturfare	19
7.2 Digitalisering og cybertrugslar	19
7.3 Demografiske utfordringar	20
<b>8.0 Langsiktig beredskapsplanlegging</b>	<b>22</b>



## Forord

---

Kommunen skal ivareta befolkninga si sikkerheit og tryggleik. Samfunnssikkerheit og beredskapsarbeid er ein sentral del av dette ansvaret. Eit viktig formål med kommunalt risikobilete er å bidra til eit felles kunnskapsgrunnlag og gje ein brei oversikt over risiko og sårbarheiter i kommunen.

Askvoll kommune er ein kystkommune i Vestland fylke med særeigne geografiske og demografiske utfordringar. Kommunen er sårbar for naturhendingar som ekstremvêr og ras, og har avgrensa ressursar til å handtere større kriser på eiga hand. Samstundes er kommunen avhengig av fungerande veg- og ferjesamband, stabil kraftforsyning og robust digital infrastruktur.

Vi skal ha oversikt over risikoforhold, vere ein pådrivar og arbeide systematisk og heilskapleg med samfunnssikkerheit på tvers av sektorar i kommunen. Sentralt i arbeidet er forståing for ulike risikobilete, skape samanheng mellom analysar på nasjonalt, regionalt og kommunalt nivå, og bidra til best mogeleg samvirke og krisehandtering.

Eit solid kunnskapsgrunnlag er avgjerande for å redusere risiko, dimensjonere beredskap og handtere konsekvensane av uønska hendingar på ein systematisk måte. Dei mest alvorlege hendingane kjem ofte uventa. I ei tid der større uønska hendingar raskt kan bli verkelegheit, må kommunen vere førebudd på alt frå kortvarige akutte hendingar til langvarige og samanhengande kriser.

Dette dokumentet er utarbeidd som ein kortversjon av Askvoll kommune sitt kommunale risikobilete 2026, basert på heilskapleg ROS-analyse godkjent 18. juni 2025. Det er offentleg tilgjengeleg og rettar seg mot politikarar, leiarar, tilsette og innbyggjarar som ønskjer oversikt over kommunen sitt risikobilete.

Askvoll, 2026

**Beredskapskoordinator**

Askvoll kommune

---

Dokumentet er utarbeidd med heimel i lov om kommunal beredskapsplikt (sivilbeskyttelsesloven) § 14 og forskrift om kommunal beredskapsplikt. Askvoll kommune sin heilskaplege ROS-analyse 2025 er grunnlagsdokument.

# 1.0

## Innleiing

**Dokumentet er utarbeidd som eit offentleg samandrag av Kommunalt risikobilete 2026 for Askvoll kommune.**

Kommunen er ein viktig bærebjelke i arbeidet med samfunnssikkerheit og beredskap, og har eit generelt og grunnleggjande ansvar for å ivareta befolkninga si sikkerheit og tryggleik innanfor kommunen sitt geografiske område.

Kommunar utgjer med dette eit lokalt fundament i den nasjonale beredskapen og er pålagt ei rekkje lovmessige krav til beredskap på ulike sektorområde regulert av brann- og eksplosjonsvernloven, helse- og omsorgsloven, vassressursloven, plan- og bygningsloven m.fl.

### 1.1 Kommunal beredskapsplikt

Kommunal beredskapsplikt i høve til sivilbeskyttelsesloven er ein sektorovergripande beredskapsplikt med det formål å komplementere sektorvise beredskapsplikter. Det skal bidra til at kommunen vurderer beredskapsspørsmål i eit meir heilskapleg perspektiv.

§14. Kommunal beredskapsplikt – risiko- og sårbarheitsanalyse

«Kommunen plikter å kartlegge hvilke uønskede hendelser som kan inntreffe i kommunen, vurdere sannsynligheten for at disse hendelsene inntreffer og hvordan de i så fall kan påvirke kommunen.»

Lov 25.06.2010 nr. 45 om sivil beskyttelse og beredskap

### 1.2 Kommunalt risikobilete

KRB inngår i beredskapssystemet og dannar grunnlaget for kommunen sitt målretta arbeid for å redusere risiko og sårbarheit gjennom å førebyggje uønska hendingar, dimensjonere beredskapskapasitetane og utvikle evne til krisehandtering.

KRB skapar ein samanheng mellom kommunen sine egne analysar og bindeledd mellom kommunen sine analysar og regionale og nasjonale risikoanalysar. Den breie tilnærminga sikrar samanheng mellom nivåa og gir eit felles tverrsektorielt kunnskapsgrunnlag.

### 1.3 Bruk av kommunalt risikobilete i beredskapsarbeidet

Nokre uønska hendingar har så omfattande konsekvensar at dei ikkje aleine kan handterast innanfor ein forvaltningsnivå og sektorar. Kommunen er ikkje aleine ansvarleg for risikoeiarar av uønska hendingar innanfor kommunegrensene.

Bruksområde	Formål
<b>Oversikt</b>	Politikarar og leiarar får eit samla risikobilete på tvers av sektorane
<b>Innsikt og risikostyring</b>	Verksemder kan kartleggje kva kommunale hendingar som vil råke dei
<b>Operativ beredskapsplanlegging</b>	Scenariora kan brukast som innspel til øvingar og beredskapsplanar

# 2.0

## Kommunebeskriving

Askvoll er ein kystkommune i Vestland fylke, med eit samla areal på om lag 283 km<sup>2</sup>, der det meste er sjøareal. Kommunen grensar til Fjaler, Sunnfjord og Solund, og har ei spreidd busetnad med om lag 3 000 innbyggjarar fordelt på fleire øyar og fastlandsdelar.

### 2.1 Organisering av kommunen

Askvoll kommune er organisert med kommunedirektør som administrativ leiar og kommunestyre som øvste politiske organ. Kommunen har eit tverrfagleg beredskapsråd som inkluderer kommuneoverlege, politi, sivilforsvar, brann og redning, teknisk etat og kommunalsjefar.

Kommunen samarbeider tett med nabokommunane Fjaler og Hyllestad gjennom eit felles beredskapsråd, og har regelmessig kontakt med Sunnfjord og Kinn kommunar.

### 2.2 Geografiske særtrekk

Kommunen har ei kystlinje med mange øyar og holmar, og er særleg sårbar for ekstremvêr og sjøulykker. Dei viktigaste busetnadane er Askvoll sentrum, Holmedal, Stongfjorden, Kvammen, Atløy, Værlandet og Bulandet. Ferjesamband er avgjerande for tilgjengelegheit til fleire delar av kommunen.

#### Nøkkeltal – Askvoll kommune

Innbyggjarar: ca. 3 000

Areal: 283 km<sup>2</sup> (inkl. sjøareal)

Tettstader: Askvoll, Holmedal, Stongfjorden, Kvammen, Atløy, Bulandet, Værlandet

Ferjesamband: Askvoll–Gjervik-Fure-Askvoll, Askvoll-Fure-Værlandet

Tunellar: Dalsfjordsambandet (Fjaler/Askvoll)

Kommunen er avhengig av fungerande veg- og ferjesamband for transport av varer, medisinar og beredskapsressursar. Geografisk avstand til større sjukehus (Haukeland, Førde) gjer kommunen sårbar ved akutte helsehendingar.

### 2.3 Beredskapssystemet i kommunen

Beredskapsarbeidet i Askvoll kommune følgjer dei nasjonale beredskapsprinsippa: ansvarsprinsippet, likhetsprinsippet, nærhetsprinsippet og samvirkeprinsippet.

#### Ansvarsprinsippet

Den organisasjonen som har ansvar for eit fagområde i ein normalsituasjon, har også ansvar for nødvendige beredskapsforberedingar

#### Likhetsprinsippet

Organisasjonen under kriser skal vere mest mogleg lik den ein har til dagleg

#### Nærhetsprinsippet

Kriser skal handterast på lågast mogeleg organisatorisk nivå

#### Samvirkeprinsippet

Verksemder har eit sjølvstendig ansvar for å sikre best mogeleg samvirke med relevante aktørar

Kommunen har etablert alternative lokale for kriseleiling og system for å oppretthalde drift ved bortfall av straum eller telekommunikasjon. Det er utarbeidd kontinuitetsplanar for alle kritiske tenester.

# 3.0

## Metode og prosess

Arbeidet med samfunnssikkerheit krev ein systematisk tilnærming der vurderingar av risiko, sårbarheit og beredskap byggjer på ein tydeleg metode og ein forståeleg prosess. Metodikken er basert på NS 5814 «Krav til risikovurderingar» og DSB sin «Rettleiar for heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse i kommunen».

### 3.1 Risikostyring

Risikoanalyse er eit sentralt element i ein risikostyringsprosess i høve til den internasjonale standarden ISO 31000:2018. Analysa nyttar «sløyfemodellen» (BowTie-modellen) som gjev eit oversiktleg bilete over analyseprosessen og illustrerer korleis årsaker og utløysande hendingar kan føre til at uønska hendingar oppstår.

Askvoll kommune nyttar ei 5-delning av sannsyn og konsekvens:

Nivå	Sannsyn	Konsekvens
1	Særs låg (<1/50 år)	Særs låg
2	Låg (1/20–50 år)	Låg
3	Middels (1/5–20 år)	Middels
4	Høg (1/1–5 år)	Høg
5	Særs høg (>1/år)	Særs høg

### 3.2 Samfunnsverdiar

I konsekvensvurderingane vert fire samfunnsverdiar lagt til grunn:

- **Liv og helse** – Tap av liv, skadar og sjukdom
- **Samfunnsstabilitet** – Manglande dekning av grunnleggjande behov og forstyrningar i dagleglivet
- **Natur og miljø** – Langtidsskadar på naturmiljø og kulturmiljø
- **Materielle verdiar** – Direkte og indirekte økonomiske tap

### 3.3 Kritiske samfunnsfunksjonar

Analysen vurderer påkjenningar på DSB sine 14 kritiske samfunnsfunksjonar. Askvoll kommune har gjennomført ei systematisk vurdering av alle 14 funksjonane:

1. Styring og krisehandtering
2. Forsvar
3. Lov og orden
4. Helse og omsorg
5. Redningsteneste
6. IKT-sikkerheit
7. Natur og miljø
8. Forsyningssikkerheit
9. Vatn og avløp
10. Finansielle tenester
11. Kraftforsyning
12. Elektroniske kommunikasjonstenester
13. Transport
14. Satellittbaserte tenester

# 4.0

## Oversikt over risikoområde og scenario

Analysen dekkjer **22 scenario** fordelt på fem risikoområde. Tabellen nedanfor gjev ei oversikt over alle analyserte scenario med sannsyn (S), konsekvens (K) og samla risikoscore (S×K) basert på Askvoll ROS 2025.

### 4.1 Natur, miljø og kultur (NMK)

Nr.	Scenario	S	K	S×K
13	Forureining av drikkevatt	4	2	8
16	Ekstremvær (vind, nedbør, kulde)	4	3	12
17	Ras (stein-, snø-, lausmasse-, kvikkleireras)	4	5	20

### 4.2 Folkehelse (FH)

Nr.	Scenario	S	K	S×K
8	Epidemi/pandemi (større sjukdomsutbrot)	3	5	15
14	Plutseleg bemanningssvikt i helsesektoren	4	3	12
15	Plutseleg auka trong for helsetenester	4	3	12
20	Massetilstrøyming av flyktningar	4	3	12

### 4.3 Store ulykker (SU)

Nr.	Scenario	S	K	S×K
1	Brann i bygning med mange menneske	2	5	10
2	Brann/ulykke til sjøs	4	5	20
3	Brann/ulykke i tunnel	2	5	10
4	Trafikkulykke (med døde og/eller mange skadde)	2	5	10
9	Forsvinning/sakna person(ar)	4	3	12
18	Skog- og lyngbrann	4	2	8

### 4.4 Kritisk infrastruktur (KI)

Nr.	Scenario	S	K	S×K
10	Langvarig straumbrot	4	3	12
11	Langvarig brot i tele- og datasamband (EKOM/IKT)	4	3	12
12	Langvarig brot i vassforsyning	4	3	12
21	Cyberangrep (hacking/ datainnbrot/virus)	4	4	16
22	Særlege utfordringar for kritiske samfunnsfunksjonar	4	5	20

### 4.5 Tilsikta hendingar (TH)

Nr.	Scenario	S	K	S×K
5	Alvorleg overgrepssak	4	3	12
6	Tilsikta uønska handlingar (sabotasje, terror, PLIVO)	2	4	8
7	Dramatisk hending i barnehage/ skule	3	4	12
19	Sikkerheitspolitisk krise/væpna konflikt	2	5	10

#### Merk om tilsikta hendingar:

Detaljerte sårbarheitsvurderingar og spesifikke tiltak knytt til terrorhendingar, aktiv skyttar og alvorlege valdshendingar er ikkje offentleggjort i denne kortversjonen, i tråd med offentleglova § 24 om unntak for opplysningar som kan skade førebyggjande tryggleiksarbeid.


# 5.0

## Samla presentasjon av analyseresultat

### 5.1 Kommunalt risikobilette

Risikomatrissa nedanfor viser plasseringa av alle 22 analyserte scenario basert på dei faktiske sannsyn- og konsekvensvurderingane i Askvoll ROS 2025. Fargane på prikkane syner kva kategori kvart scenario høyrer til. Tre scenario toppar med høgaste score 20 (rød sone): Nr. 17 Ras/skred, Nr. 2 Brann/ulykke til sjøs og Nr. 22 Særlege utfordringar for kritiske samfunnsfunksjonar.

Figur 1: Risikomatrise – Askvoll kommune 2026



Figur 1: Risikomatrise for Askvoll kommune 2026. Basert på faktiske vurderingar frå Askvoll ROS 2025.

#### Scenario i raud sone (score $\geq 15$ ):

- Nr. 17 Ras/skred** (S=4, K=5, score=20)
- Nr. 2 Brann/ulykke til sjøs** (S=4, K=5, score=20)
- Nr. 22 Særlege utfordringar for kritiske samfunnsfunksjonar** (S=4, K=5, score=20)
- Nr. 21 Cyberangrep** (S=4, K=4, score=16)
- Nr. 8 Epidemi/pandemi** (S=3, K=5, score=15)

#### Scenario i gul sone (score 9–14):


- Nr.16 Ekstremvær · Nr.14 Bemanningssvikt · Nr.15 Auka helsebehov · Nr.20 Flyktningar · Nr.9 Forsvinning · Nr.10 Straumbrot · Nr.11 Tele/data · Nr.12 Vassforsyning · Nr.5 Overgrepssak · Nr.7 Barnehage/skule (alle score 12) · Nr.1 Brann bygning · Nr.3 Tunnel · Nr.4 Trafikkulykke · Nr.19 Sikkerheitspolitisk krise (score 10)



Stongfjorden, Askvoll kommune

## 5.2 Sannsynsvurdering per scenario

Figur 2: Sannsynsvurdering per scenario – Askvoll kommune 2026




Figur 2: Sannsynsvurdering per scenario. Kjelde: Askvoll ROS 2025.

Scenario med **høg sannsynlegheit (nivå 4)**: Forureining av drikkevatn, Ekstremvær, Ras/skred, Brann/ulykke til sjøs, Forsvinning/sakna person, Skog- og lyngbrann, Bemanningssvikt helsesektoren, Auka trong for helsetenester, Massetilstrømming av flyktningar, Langvarig straumbrot, Langvarig brot tele/data, Langvarig brot vassforsyning, Cyberangrep og Særlege utfordringar for kritiske samfunnsfunksjonar. Desse er hendingar som kan inntreffe kvart 1–5 år. Pandemi/pandemi har middels sannsynlegheit (nivå 3).



### 5.3 Konsekvensvurdering per scenario

Figur 3: Konsekvensvurdering per scenario – Askvoll kommune 2026




Figur 3: Konsekvensvurdering per scenario. Kjelde: Askvoll ROS 2025.

Scenario med **særs høge konsekvensar (nivå 5)**: Ras/skred (Nr. 17), Brann i bygning med mange menneske (Nr. 1), Brann/ulykke til sjøs (Nr. 2), Brann/ulykke i tunnel (Nr. 3), Trafikkulykke (Nr. 4), Pandemi/pandemi (Nr. 8), Særlege utfordringer for kritiske samfunnsfunksjonar (Nr. 22) og Sikkerheitspolitisk krise/væpna konflikt (Nr. 19).



## 5.4 Fordeling av konsekvenstypar – alle scenario

Figur 4: Fordeling av konsekvenstypar per scenario – Askvoll kommune 2026




Figur 4: Fordeling av konsekvenstypar per scenario. Liv og helse dominerer for dei fleste scenario. Kjelde: Askvoll ROS 2025.



## 5.5 Scenarioa sine påkjenningar på kritiske samfunnsfunksjonar

Figur 5: Påkjenning på kritiske samfunnsfunksjonar – Askvoll kommune 2026




Figur 5: Samla påkjenning på kritiske samfunnsfunksjonar frå alle analyserte scenario. Basert på konsekvensvurderingane i Askvoll ROS 2025.

Helse og omsorg er den samfunnsfunksjonen som vert sterkast påkjent (score 49), etterfølgt av redningsteneste (46) og styring og krisehandtering (44). **Oppvekst og utdanning** kjem på fjerde plass (34), særleg påkjent av scenario som massetilstrøyming av flyktningar, brann i bygg med mange personar og dramatisk hending i barnehage/skule.



## 5.6 Samla risikoscore per scenario

Figur 6: Samla risikoscore per scenario – Askvoll kommune 2026



Figur 6: Samla risikoscore (Sannsyn × Konsekvens) for alle scenario, sortert frå høgast til lågast. Kjelde: Askvoll ROS 2025.

**Raud sone (≥15):** Nr. 17 Ras/skred (20), Nr. 2 Brann/ulykke til sjøs (20), Nr. 22 Særlege utfordringar for kritiske samfunnsfunksjonar (20), Nr. 21 Cyberangrep (16), Nr. 8 Pandemi/pandemi (15). **Gul sone (9–14):** Ekstremvær, bemanningssvikt, auka helsebehov, massetilstrøyming, forsvinning, straumbrot, tele/data-brot, vassforsyningsbrot, overgrepssak, dramatisk hending barnehage/skule (alle score 12), brann i bygning, tunnel, trafikkulykke og sikkerheitspolitisk krise (score 10).

# 6.0

## Førebygging og beredskap

Askvoll kommune arbeider systematisk med førebygging og beredskap på tvers av sektorar. Nedanfor er dei viktigaste tiltaksområda oppsummert basert på Askvoll ROS 2025.

### Naturhendingar og infrastruktur

**Ekstremvêr og ras:** Kommunen overvaker rasfarleg terreng i samarbeid med NVE. Varslingssystem for ekstremvêr er etablert. Nødstraumsaggregat er installert på sjukeheim, vassverk og kommunehus.

**Straumbrot:** Kommunen har fleire nødstraumsaggregat på kritiske lokasjonar. Planar for handtering av straumbrot er oppdaterte. Samarbeid med Linja (netteigar) for rask feilretting.

**Vassforsyning:** Beredskapsplanar med tilgang til tankbilar. Rutinar for rask levering av vatn til institusjonar og kritiske tenester. Alternative vasskjelder er kartlagde.

### Helse og sosiale tenester

**Pandemi/smittevern:** Kommunen har smittevernplanar og rutinar for drikkevasskontroll. Regelmessig vaksinasjonsprogram for sårbare grupper. Samarbeid med Helse Førde HF.

**Særlege utfordringar for kritiske samfunnsfunksjonar (Nr. 22):** Rekrutteringsinsentiv som bustøtte og tilflyttingsstipend. Vikar- og krisereservar. Interkommunalt samarbeid om ressursdeling. Kompetanseutvikling for tilsette.

### Ulykker og redning

**Sjøulykker:** Beredskapsplanar for sjøulykker oppdaterte. God merking av farleia. Samarbeid med sjøredningstenester og Kystverket. Oljevernberedskap styrkt.

**Brann:** Regelmessige brannøvingar og opplæring. Oppgradering av elektriske anlegg og brannalarmar. Evakueringsplanar for alle kommunale bygg. Samarbeid med nabokommunar om mellombelse lokalar.

### IKT og digitale tenester

**Cyberangrep:** Regelmessige oppdateringar av system og antivirusprogram. Opplæring av tilsette i IT-sikkerheit. Backup-løysingar og beredskapsplanar for rask gjenoppretting. Samarbeid med SySIKT og KS.

**Tele- og datasamband:** Nødnett for kommunikasjon med naudetatar. Rutinar for manuell sakshandsaming. Satellittelefon som alternativ kommunikasjon. Vidareutvikling av manuelle rutinar.

### Regionalt samarbeid

Askvoll samarbeider med Fjaler og Hyllestad om felles beredskapsplanar, ressursdeling og øvingar. Felles beredskapsråd mellom Askvoll, Fjaler og Hyllestad møtast regelmessig.

# 7.0

## Framtidige risikoar og utviklingstrekk: refleksjon og perspektiv

### 7.1 Klimaendringar og naturfare

Klimaendringar vil auke frekvensen og intensiteten av ekstremvêrhendingar i Askvoll kommune. Prognosar frå Meteorologisk institutt og NVE viser auka nedbørmengder, sterkare stormaktivitet og stigande havnivå langs Vestlandskysten.

For Askvoll inneber dette:

- Auka rasfare i bratte fjellsider og langs vegar
- Hyppigare og meir alvorlege flaum- og stormflodhendingar
- Større press på ferjesamband og veginfrastruktur
- Auka risiko for skogbrann i tørre periodar
- Sårbar kystlinje med mange øyar og holmar

Kommunen må styrke klimatilpassingsarbeidet og integrere klimarisiko i all arealplanlegging og beredskapsplanlegging.

### 7.2 Digitalisering og cybertrugslar

Digitaliseringa av kommunale tenester aukar effektiviteten, men skapar samstundes nye sårbarheiter. Cyberangrep mot kommunar har auka markant dei siste åra, og små kommunar med avgrensa IT-ressursar er særleg utsette.

Trusselaktørar nyttar i aukande grad sofistikerte metodar som ransomware, phishing og målretta angrep mot kritisk infrastruktur. Askvoll kommune sin avhengigheit av digitale system for helse, administrasjon og kommunikasjon gjer dette til eit prioritert risikoområde.

### 7.3 Demografiske utfordringar

Askvoll kommune, som mange andre distriktskommune, opplever demografiske utfordringar med aldrande befolkning og utflytting av unge vaksne. Dette skapar press på helse- og omsorgstenestene samstundes som rekrutteringsgrunnlaget vert svekka.

Dei viktigaste demografiske risikofaktorane er:

- Aukande andel eldre som krev meir helse- og omsorgstenester
- Vanskar med å rekruttere kvalifisert helsepersonell
- Redusert lokalt rekrutteringsgrunnlag
- Konkurransen om arbeidskraft frå større kommunar

Tre scenarier er identifiserte med høgast samla risikoscore (20) i analysen: Ras/skred (Nr. 17), Brann/ulykke til sjøs (Nr. 2) og Særlege utfordringar for kritiske samfunnsfunksjonar (Nr. 22). Dette understrekar alvoret i desse risikoar for Askvoll kommune.

#### Globalisering og auka usikkerheit

Den sikkerheitspolitiske situasjonen i Europa har endra seg vesentleg. Hybride truslar, desinformasjon og press mot kritisk infrastruktur er ein realitet også for norske kommunar. Askvoll kommune må vere førebudd på å støtte nasjonale beredskapstiltak og sikre grunnleggjande funksjonar ved ein alvorleg tryggleikspolitisk krise.

# 8.0

## Langsiktig beredskapsplanlegging

Kommunalt risikobilette 2026 dannar grunnlaget for Askvoll kommune sitt langsiktige beredskapsarbeid. Analysen identifiserer fem prioriterte innsatsområde for perioden 2026–2030:

### PRIORITET 1 – Bemanningssikring i kritiske funksjonar

Tre scenario toppar med høgast risikoscore (20): Ras/skred, Brann/ulykke til sjøs og Særlege utfordringar for kritiske samfunnsfunksjonar. Kommunen må styrke rekrutteringsarbeidet, etablere robuste vikarordningar og utvikle interkommunale samarbeidsavtalar for å sikre stabil drift av helse, omsorg og beredskapstenester.

### PRIORITET 2 – Klimatilpassing og naturfareberedskap

Ekstremvêr og ras er begge i høg risikosone (score 16 og 12). Kommunen må integrere klimarisiko i arealplanlegging, styrke rasovervaking og sikre at infrastruktur og bygg tåler aukande klimapåkjenningar.

### PRIORITET 3 – Maritim beredskap

Brann/ulykke til sjøs har høg risikoscore (16) og er spesielt relevant for Askvoll som sjøkommune. Beredskapsplanane for sjøulykker må oppdaterast, og samarbeidet med sjøredningstenestene og Kystverket styrkast.

### PRIORITET 4 – Digital sikkerheit og IKT-beredskap

Cyberangrep (score 12) og brot i tele- og datasamband (score 9) er aukande truslar. Kommunen må investere i robuste IT-sikkerheitsløyisingar, gjennomføre regelmessig opplæring av tilsette og etablere gode backup- og gjenoppretingsplanar.

### PRIORITET 5 – Helseberedskap og smittevern

Pandemi og auka trong for helsetenester er begge i høg risikosone (score 12 og 9). Kommunen må styrke smittevernberedskapen, oppdatere kriseplanar for helsetenestene og sikre tilstrekkeleg kapasitet ved større sjukdomsutbrot.

### Kontinuerleg oppdatering

Risiko- og sårbarheitsanalisa er ein kontinuerleg prosess. Askvoll kommune vil revidere det kommunale risikobiletet kvart fjerde år, eller ved vesentlege endringar i risikobiletet. Neste revisjon er planlagd til 2029.

**Om offentlegheit og unntak:** Denne kortversjonen er offentleg tilgjengeleg. Detaljerte sårbarheitsvurderingar knytt til tilsikta handlingar (terrorhendingar, aktiv skyttar, alvorlege valdshendingar) er unnateke offentlegheit i medhald av offentleglova § 24 første ledd, då offentleggjering kan skade det førebyggjande tryggleiksarbeidet. Spesifikke opplysningar om sikringstiltak, tekniske sårbarheiter i kritisk infrastruktur og personopplysningar er likeins unnateke. Den fullstendige ROS-analysen er tilgjengeleg for relevante beredskapsaktørar etter særskilt førespurnad.

**Kjelder:** Askvoll ROS 2025 (godkjent 18.06.2025) · DSB Rettleiar for heilskapleg ROS i kommunen · NS 5814 Krav til risikovurderingar · ISO 31000:2018 · Sivilbeskyttelsesloven § 14 · Forskrift om kommunal beredskapsplikt



# Kommunalt risikobilete 2026

**Ansvarleg utgjevar:** Tova Kjæmpenes, Beredskapskoordinator Askvoll kommune

Publisert april 2026